

«*Fragment av ...*»

Bacheloroppgåve

KOH202 Design, kunst og handverk Vår 2021

Norunn Helene Holmøy-Wang



Innhold

	Innleiing	2
	Tema.....	2
	Bakgrunn for val av tema.....	2
	Avgensingar.....	5
	Problemstilling	6
	Avklaringer.....	7
	Inspirasjon	8
	Metode.....	12
	Teori	15
	Innhold	15
	Form.....	16
	Materiale	17
	Utforsking og analyse	17
	Det verbale og det visuelle språk i emperi	18
	Utforsking knytt til nøkkelord – foto frå prosess	29
	Drøfting og konklusjon	38
	Sluttord.....	43
	Vedlegg.....	44
	Kjeldereferanser	45
	Bildeliste.....	46
	VEDLEGG 1: Analyser	47
	VEDLEGG 2: Prosessdokumentasjon.....	88



Innleiing

Oppgåva er avsluttande del i Bachelorstudie i Design, kunst og handverk ved høgskulen i Volda. Dette er eit sjølvstendig arbeid med forskningstilsnitt innan det kunst og handverksfaglege området. Eg leverer eit praktisk-estetisk arbeid som representerer dokumentasjonsgrunnlaget for utforsking, og rapport som omhandlar sjølve utforskinga og dei funn eg har gjort (Halvorsen, 2013). Vedlagt er analyser, arbeidsbok og skisser.

Tema

Oppgåva har fått tittelen «Fragment av ...». Tema er å utforske korleis eg ved bruk av kolteikning og eit ljåblad kan minne om ein del av ein lokal kulturarv. Det handler om ljåsmiing i heimbygda mi Hornindal, om korleis tid og utvikling påverker eksistens, og om noko som gradvis går tapt. Kan episodiske minner, ein bruksgjennstand og praktisk estetisk skaping resultere i ein romleg komposisjon med tittelen «Fragment av ...»?

Bakgrunn for val av tema

I emnet objekt i rom ved HVO vår 2020 arbeidde vi med samanstilling av gips og anna materiale. Eg prøvde og å smi. Ein flat avlang krumma del av jarn vart plassert i ei form av gips. Aslaug Nyrnes omtalar ei topologisk term som ho kaller *eige språk* (Nyrnes, 2006). Det ein har med seg, det kunstneriske regisetere samt situasjon ein er i påverker korleis ein opplever eit uttrykk. *Eige språk* påverka mitt inntrykk av jarnet si form, materiala sitt uttrykk og samanstillinga, i kombinasjonen med å arbeide i verksted og smie. Eg fekk umiddelbare assosiasjoner til Honndalsljøen og kolteikning. Denne impulsen har påverka idèar og val i prosessen. Materialkvalitetane, og det svarte/kvite kan forklare assosiasjonen til kol og jarn, men *eige språk* forklarar denne koblinga betre. Episodiske minner som handler om hendelsar og opplevingar påverker persepsjon. Persepsjon er i fylgje Bo Bergström bevisste og ubevisste prosesser som omdannar sanseintrykk til meningsfull informasjon (Bergström, 2016, s. 102).



Inspirasjon som påverka val av tema:

Oppe t.v. Eige arbeid – samanstilling av gips og jam

Emne: Objekt i rom ved HVO

Oppe t.h. Eiga kolteikning Emne: Kunst skaping
og formidling ved HVO

Midt t.v. og t.h. Frå filmen «Honndalssmeden 1979»

Nede t.h. Kolteikning frå Chauvetgrotten,
tistensvis av år gamle.



Kvifor Honndalsljà?

Episodiske minner frå tida som småbudeie inst i Hornindal har gjeve meg motivasjon og ynskje om å halde fast ved noko. På setrekvia gjekk besten med blå arbeidsbukse og strikkajakke, i lomma var bryne som han tok opp, spytta på og kvesste ljåen. Det var ein kvass og rytmisk lyd. Så svinga han langorven med jamn takt. Etterpå var det stutturven langs gjerde, fjøsveggar og kantar med raskare og kortare bevegelsar. Det var ein fred i dette, og det lukta godt. Ein eldre ungkar kom ofte ruslande og sette seg på steintrappa med hardingfelespel. Det var lydar frå elvasus og krøter, arbeid og latter. Eg fekk oppleve seterkultur der naturressursar vart nytta til beite og slått. Lite tenkte eg då på at dette skulle verte til sakna stunder, eller at honndalsljåen for få generasjonar bak i tid var ettertrakta handelsvare og viktig attåtning for honndølene. Eller at ljåblada skulle verte nytta som symbol knytt til kulturarv og identitet, noko vi ser i kommunevåpen til kommuna. Antal smedar i bygda er kraftig redusert. Eg undrar dirfor på om det er ein utdøyande identitet? Om det er eit handverk som kjem til å gå i gløymeboka? Og i så fall ikkje berre handverket, men alle dei sanslege opplevingane knytt til produksjon og bruk av ljå.



Hornindal og (nye)Volda

Kvifor Kolteikning?

Val av teikning som medium knyter eg og til episodiske minner, samt kunnskap og erfaringer. Teikning som medium er for meg eit naturleg val når eg vil uttrykke noko. Eg føler meg fri og lite bunda av reglar i teikneteknikkane mine. Dette trur eg er resultat av positiv respons på teikning i barndom, samt læring og erfaring knytt til teknikker. Eg ser føre meg korleis far min teikna, lyden av streken, tempo, bevegelsen, og korleis dette endra seg etter kva han teikna. At eg tidleg lærte at ein ikkje ser det ein trur ein ser, trur eg har påverka korleis eg ser, og den friheita eg føler i teikning. Ved å sjå og å uttrykke tek eg i bruk intuitivitet og kreativitet (Edwards, 2001). Kolet assosierer eg med smie og smedkulturen. Mulegheitene i teknikk og uttrykket det skaper synast eg passer til tema. Vidare har det, slik som jarn, vore nytta i tusenvis av år tilbake. Kolteikningar i holer formidler frå menneska som levde då og heilt fram til oss som lever i dag (Théry-Parisot, 2021). Dette fasinerer, og inspirerer meg til å nytte kol i formidling.

Avgensingar

Ein kan ikkje favne om alt og søke store svar. Å velge delar av eit tema kan gjere det enklare å få forståelsar som kan gje ein ny teori (Aadland, 2011). Å avgrense har derfor vore ein viktig del av prosessen. Kulturarv er eit stort område, også ljåsmekulturen som immaterielle og materielle kulturminner. Eg har valgt å sjå på ljåbladet si konkrete form og materiale, og korleis dette kan transformerast til eit teikna motiv. «Der är sambandet mellan form och innehåll som skapar det första intrycket och banar väg för *budskapet*. Form + innehåll = budskap» (Bergstöm, 2016, s. 221). Teikneteknikken er meir intuitiv enn analytisk. Samtidig analyserer eg form gjennom teikning, derfor blir teikneteknikken til ei viss grad alanytisk. Formidlinga har ikkje som føremål å vere politisk eller provosere (Bergstöm, 2016). Kanskje kan eg påverke følelsar og tankar kring det at noko går frå funksjonell eksistens til fragmentert materiale og minne. Eg ser på det praktisk-estetiske verket som ein romleg komposisjon. Eg tek i bruk dei formale virkemidlane i biletkunsten og organiserer desse i forhold til kvarandre i den enkelte billedflate, og delane i komposisjonen i forhold til kvarandre som heilheit (Mørstad, 2000, s. 104).



Problemstilling

Ut frå tema og dei avgrensingar eg har presentert har eg i løpet av prosessen definert fylgjande problemstilling

Med utgangspunkt i Honndalsljøproduksjon i Hornindal som lokal kulturarv, korleis kan eg vektlegge det konkrete i form og materiale for å skape eit motiv med eit spesifikt innhald?

Nøkkelord: Innhald – Form – Materiale

Avklaringer

Nøkkelorda er omgrep som knyter seg opp til problemstillinga og er førande for kva eg innhentar av data, korleis eg analyserer og drøftar. På den måten vert det tydlegare kva undersøkelsen tek føre seg (Larsen, 2017, s. 87). Eg forklarar her nærmare kva eg forstår med å vektlegge det konkrete i form og materiale for å skape eit motiv med eit spesifikt innhald. Det spesifikke motivet knyter seg til lokal kulturarv som eg trur er i ferd med å gå tapt. Den konkrete forma er eit ljåblad slik forma på honndalsljåblada er kjenneteikna. Det konkrete materialet er jarn. Ljåbladet si konkrete form representerer ein handverkstradisjon og identitet i Hornindal. Eg set objektet inn i ein ny kontekst, og forsøker å la forma og materiale formidle. Denne tingen i seg sjølv kan ikkje fortelje, men som Søren Kjørup skriv i boka Semiotik «Tingen kan ikke tale, men vi kan alligevel aftvinge dem meddelelser, og vi kan tale ved hjælp af dem» (Kjørup, Semiotik, 2002, s. 53). Eg ser ljåbladet som ein ting, – det fysiske objektet beheld si konkrete form og vert gjennom kolteikning abstrahert i meir eller mindre grad som motiv og estetisk element. Ljåbladet vert omforma frå ei fysisk form til ei teikna form, frå ein bruksgjennstand til eit element i ein komposisjon. Materialet sin tektur endrer seg med tid, og bruk. Ved å studere materiale sin taktile og visuelle tekstur, valør, kulør og kontraster kan det påverker min persepsjon (Bergstöm, 2016), og korleis eg vel å transformere motivet (Bråten & Kvalbein, 2014).



Ljåblad smidd i Hornindal.



Analytisk teikna ljåblad. Konkret form og materiale.



Inspirasjon

Eg viser eit utval av inspirasjonen, og då det eg i etterkant av prosessen ser i størst grad har påverka vala. Inspirasjonsmateriale i si heilheit ser ein i arbeidsboka. Det er henta frå kunstnarar og deira verk, faglitteratur, filosofi, handverk og kulturarv, egne arbeid og erfaringar. Inspirasjon er henta gjennom livserfaringer og studier, sosiale media, litteratursøk, besøk i kunstgalleri og kunstnerfellesskap.



Kine Lillestrøm og Trond Hugo Hauge

Denne installasjonen inspirerer meg på grunn av format som danner rom/ volum, lys, teknikk, materialmøte og motiv (Mørstad, 2000).



«Håkon Bleken(f. 1929) er en av Norges fremste samtidskunstnere»

(<http://hakonbleken.no/hakon-bleken/>).

I denne kolteikninga av Håkon Bleken vert eg inspirert av korleis teikneteknikk skaper steming. Det litterære, poetiske, kviskrande uttrykket (Bergstöm, 2016). Det tydelege og utdydelege der det figurative går over mot det lett abstraherte (Mørstad, 2000). Teksturen ser eg som mønster og livgjevande i biltet. Valører frå det heilt mørke til høglys gjev ein sterk lys-mørk kontrast med flytande overgangar (Leborg, 2004).



Jan Groth

Den enkle streken – styrke - retning – kontrast




Hannah Quinlivan

Linjene – rommet – skuggar – repetisjon – endring -
perspektiv



Jannik Abel

Fredeleg – poetisk – repetisjon – variasjon – mengde -vikling – lys – tekstur – kontrast –
komposisjon



Liv Dysthe Sønderland (eigne foto frå utstilling i Kube, Ålesund, April 2021 – studietur)

Fargar - ild - lys – mørkt - på rad - delar av element - skuggar- silhuetter - sett inn i tid, linjer som illuderer rom/ det romlege (Mørstad, 2000) - formidler om samfunn. Teknisk, montering, presentasjon.



Tekstur som oppstår i forvittring.



Film om ljåsmeden i Hornindal. Kunnskap om form og materiale inspirasjon til motiv.




Metode

«Forskning er etablering av ny kunnskap, mens utviklingsarbeid er det å bruke kunnskap til å utvikle nye materialer, produkter eller prosesser» (Hansen, 2021). Arbeidet krev nærheit til prosessen, eg er deltakande, fortolker og argumenterer. Som vitenskapsparadigme vert denne måten å utforske kalla humanoria (Larsen, 2017). At eige arbeid er dokumentasjon og kilde til utforsking krev distanse der eg sjølv er kritikar til eigen prosess. Denne innanfrå og utanfrå rolla definerer Halvorsen som dobbelt egobegrep (Halvorsen, 2013). Spørsmålet har ei opa tilnærming, eg spør om korleis og søker svar som kan gje auka forståing eller ny måte å sjå noko på. Dette kan ha betydning for korleis vi forstår noko ved samfunn og mennesker. Eg bruker såleis kvalitativ metode med fenomenologisk tilnærming (Larsen, 2017). Mari Halvorsen skriv at «Femenologiens oppgave er å få fram noe av det vi kan og vet, uten at vi er klar over det, å gjøre det ubevisste bevisst» (Halvorsen, 2013, s. 138). I utforskinga er eg subjektet med mitt private perspektive. Femenologien sitt mål er ikkje det private perspektiv, men det er med subjektet sitt perspektiv ein går inn i den fenomenologiske utforskinga og på den måten opnar opp for noko allment (Halvorsen, 2013, s. 144). Metoder er eit reiskap i måten ein går fram på for å få ny kunnskap og forståing innan eit bestemt tema (Larsen, 2017). Gjennom prosessorientert og induktiv tilnærming (Larsen, 2017), utforskar eg korleis eit objekt si konkrete form og materiale påverkar motiv knytt til tema. Med systematiske praktiske utprøvingar, logg der eg reflekterer og observerer eige arbeid og analyser samler eg emperi. Eg har gjennom prosessen brukt digital arbeidsbok der eg har samla notat, inspirasjon, skisser, og utvikla tanker, det ein omtaler som logg (Dysthe, Hertzberg, & Høle, 2010). Eg relaterer metoden i oppgåva mi til slik Tone Pernille Østern beskriv det å forske med kunsten.


«Det å forske med kunsten karakteriseres av at det ofte er kunstnerens eller kunstpedagogens egen erfaring og praksis som er utgangspunkt for arbeidet. Det foreligger en nærhet og et innenfrablikk til det som skal undersøkes, og det å forske med kunsten er en form for forskning som er orientert mot mening, fortolkning, forståelse og endring» (Østern, 2021).

Eg seier ikkje at eg skaper kunst, eg utforsker med eigen praktisk estetisk skaping som grunnlag (Halvorsen, 2013). Det eg skaper, og dei refleksjonar som oppstår i møte med eige skapande arbeid fører til vidare utprøvingar. Malcom Ross presenterer modell for oppfattelsen av dialektikken i den skapande prosess som eg har implementert i modellen nedanfor. Impulsane påverker prosessen (Austring & Sørensen, 2006, s. 149). På eit tidspunkt stopper eg prosessen for å analysere og drøfte materialet mot relevant fagteori. Eg har nytta semiotisk analyse som er teiknlære. Korleis vi forstår teikna fortel noko om korleis vi kan bruke teikn for å skape mening. Denotasjon beskriv det ein ser, det formale. Konnotasjon er ei fortolking av det ein ser, betydninga i innhaldet (Kjørup, Semiotik, 2002). Fordi eg har ei nærheit til arbeidet gjennom oppvekst og lokal tilknytting implementerer eg eige språk i konnotasjon. Aslaug Nyernes skriv i artikkelen, Mellom akantus og arabesk, om topologisk tenking i ein forskande kunst- og handverkspraksis. Ho beskriv tre «hovudstadar» i det skapande (forkings)arbeidet i kunst og handverk, det ho kaller topoier (Nyernes, 2006). Eg har veksla mellom topiosane og prøvd å finne ein balanse i vekslinga.



Topier i det skapande (forskings)arbeidet i kunst og handverk (Nyernes, 2006)

Arbeidet kan eg dele i ulike fasar. Eg har kombinert Malcom Ross sin modell for oppfatning av dialektikken, med Erik Lerdahl sin nyskappingsmodell med konvergerande og divergerande faser der ein opner og let att løysningsrommet (Lerdahl, 2017). Overgangane er glidande. Oppgåva starta med ein impuls ut frå eiga erfaring og kunnskap, i eige språk (Nyrnes, 2006) I mappe 1 kartlegger, forsøker å definere og skaper eg. I mappe 2 tok eg med meg erfaringer frå mappe ein og utforska vidare fram til ein tydeleg idè. Utforskinga er avslutta med analyser, drøfting og kokklusjon, og vert presentert når eg lukker fase to. Resultata, dei funna eg har gjort i utforskinga dannar grunnlag for å skape det endelege praktiske resultatet.



Eit bilde på min prosess med utgangspunkt i Malcom Ross – oppfatning av dialektikken i den skapande prosess (Austring & Sørensen, 2006, s. 149) og Metodikk for nyskaping (Lerdahl, 2017, s. 23).



Teori

Nøkkelorda, innhald, form og materiale, legg føringar for relevant fagteori. Eg har valgt å nytte Christian Leborg sin visuelle grammatikk, Erik Mørstad sin metode for visuell analyse, Ingvard Bråten og Åse Kvalbein si bok Ting på nytt, og Effektiv visuell kommunikasjon av Bo Bergström, og Æstetikk og læring av Bennyê D. Austring og Merete Sørensen. Visuell grammatikk beskriv ein eit visuelt språk som kan gje grunnlag for felles forståing av det som vert formidla. Boka tek føre seg grunnelement og relasjonar elementa har til kvarandre i det visuelle språket (Leborg, 2004). Mørstad beskriv metode for å kunne observerer kunst i fagleg samanheng. Eg nyttar innhald frå malerianalyse (Mørstad, 2000). Eg tek utgangspunkt i lokal kulturarv og eit objekt som symbol med ei konkret form og materiale. Boka Ting på nytt ser på korleis ting kan nyttast, og transformerast i skapande arbeid (Bråten & Kvalbein, 2014). I Visuell kommunikasjon er det spesielt kapittel om bilde, form og samspel eg nyttar (Bergström, 2016). Fordi eg i oppgåva arbeider med praktisk-estetisk skaping har det vore viktig å forstå omgrepet og metoder innan estetisk virksamheit. Kunnskap om dette har eg funne i boka Æstetikk og læring (Austring & Sørensen, 2006). Åslaug Nyrnes skriv i artikkelen Mellom akantus og arabesk om retorisk perspektiv på skapande (forsking)arbeid i kunst og handverk. Dette har gjeve meg mulegheit til å forstå utforsking i og gjennom den praktiske-estetiske skapinga og korleis dette kan drøftast mot fagleg teori (Nyrnes, 2006).

Innhald

Med innhald meiner eg det som er med å skape det spesifikke motivet som formidler tema (Bergström, 2016). Motiviet knyter seg til bildets tema (Mørstad, 2000). «Av og til samlar vi på ting for å holde fast på minnene de gir oss» (Bråten & Kvalbein, 2014). Ljåbladet er valgt for å representere og å halde fast på minner om ein kulturarv som ser ut til å gå tapt. «..Tingobjektene får på denne måten et viktig fenomenologisk aspekt ved at de kan fortelle oss noe om hva vi tenker, hvem vi er, og hvordan vi opplever omgivelsene rundt oss. De er et direkte resultat av møtet mellom individet og omgivelsene» (Bråten & Kvalbein, 2014). Ordet fragment assosierer eg med at noko fysisk forgår. Slik fortel fragment om tid. «Fragmentere betyr å brette opp, splitte eller dele i (små) stykker (Store norske leksikon, 2021). Minner handler og om tid. Korleis påverker dette persepsjon i møte med det eg skaper? Kanskje kan

dette episodiske/glimtvise, kan det konkret kome til syne i det skapande arbeidet? Ved hjelp av aktivitet i visuelle grammatikk kan ein kanskje illudere aktivitet som kan assosierast med tid. «Det som kan oppleves som aktivitet, er statiske representasjoner eller sekvenser som illuderer aktivitet» (Leborg, 2004). Eg ser på relasjonar. Materialkvalitetar viser tekstur, valører, styrke. Korleis vil materialet relatere seg til eit teikna uttrykk, til andre element og meg som betraktar (Leborg, 2004). Ljåbladet si konkrete form, materiale og innhald vert vektlagt for å representere. Gjennom mediering/ kolteikning forsøker eg med dette konkrete å skape eit spesifikt motiv som representerer (Melby, 2008) «Representerer er å opptre på vegne av eller i stedet for noen; å stå for noe» (Store norske leksikon, 2021). I komposisjon organiserer eg formale virkemiddel. «...De formale virkemidlene i billedkunsten er punkt, linje, flate, form, farge, dybde, masse, rom, volum, overflate, lys og skugge. Disse elementene blir organisert i henhold til komposisjonsprinsippene (balanse, artikulering, orientering, spenning, kontrast) (Mørstad, 2000, s. 105). Den kulturelle konteksten vil påverke den estetiske kommunikasjonen mellom avsendar og mottakar (Austring & Sørensen, 2006, s. 75) «Æstetik er en sanselig symbolsk form, der rummer en fortolkning af os selv og verden, og som kan kommunisere fra, til og om følelser» (Austring & Sørensen, 2006, s. 68)

Form

Form er i fylgje Mørstad ”1. Form og innhald dreier seg i teoretisk forstand om kunstverkets fysiske utseende og motiv. 2. Kunstverket blir organisert og satt sammen av store og mindre deler og former. Analyse av et kunstverks form, formanalyse, handler om å beskrive hvordan det er laget. (Mørstad, 2000). Leborg beskriv form som omrisset av et objekt i et plan som definerer dets form. Alle formene defineres av konturene som er skapt av uendelige kombinasjoner av rette og buete linjer» (Leborg, 2004). Gjennom å teikne analyserer eg ljåbladet si konkrete form. «Konkrete objekter har en grense for hvor det visuelt er, og hvor det ikke er» (Leborg, 2004). Ved å endre forma på ulike måter kan eg skape formidling. «Å transformere et verb betyr å gjøre om eller å omforme» (Bråten & Kvalbein, 2014, s. 46). I kva grad forma er gjennkjennbar fortel om abstrahering i ulik grad. Graden av abstraksjon varierer fra lett fordreining av den naturalistiske formen til generaliserte mønstre eller farger» (Mørstad, 2000). Dimensjon vil og påverke skaping av det spesifikke motivet og kva estetisk uttrykk komposisjonen får. Dimensjon er «Utstrekning i rom og tid. Størrelse og omfang» (Leborg, 2004)

Materiale

Materiale: «En fysisk ting vil alltid være lagd av et materiale. Dette materialet i seg selv har spesielle egenskaper og særegne trekk som farge, overflate og tekstur, iboende form, formbarhet, holdbarhet, tyngde og tetthet» (Bråten & Kvalbein, 2014, s. 159).

Interaksjon mellom medium, og materiale: «...når vi observerer at noe virker forskjellig, avhengig av noe annet» (Svartdal, 2021).



Utforsking og analyse


Frå å vere i nærheit til arbeidet, går utforskinga over i ei distansert rolle der eg analyserer eige emperi (Halvorsen, 2013). Eg analyserer eit utval - det som representerer ei ny utprøving som kan vere ulik andre utprøvinger, eller der det skjedde noko som førte til val eller endring (vedlegg 1). Utforskinga har vore både verbal og visuell. Eg ser eg skriv meg inn i oppgåva, skriv for å ta vare på tankar, og for å reflektere (Dysthe, Hertzberg, & Holel, 2010).

«Kunsthåndverket eksisterer ikkje i eit vakum. Verbalspråk vil alltid vere innskrive i, og omslutte kunst og handverksarbeidet, både når ein skaper kunsthåndverk, i resepsjonen av slikt arbeid, i forskingsprosessar, og i rettleiingsprosessar» (Nyrnes, 2006). I det praktiske arbeidet kom inspirasjon, kunnskap og mulegheiter til syne. Det eg ikkje klarte å finne ord for å beskrive, gjere synleg eller oppdage verbalt viste seg i det visuelle og dei refleksjonar eg har gjort. Dette kan eg relatere til Nyrnes sin teori om topoi. Ho har teikna ei linje mellom toposane der eige språk og teori er over linja og arbeidsfeltet er under. Linja kaller ho verbalspråkets grense (Nyrnes, 2006). Tankekartet i startfasen viser ulike vegar å gå, og at vegane ville kunne velgast ut frå korleis spørsmålet vart stilt. Eg har gått ein veg der spørsmålet har endra seg under vegg, i eit samspel mellom topoi (Nyrnes, 2006). Eg presenterer eit forholdsvis stort utdrag frå emperi for å gjere delar av vegen

synleg. Utdrag henter eg frå både det verbale- og det visuell språk i prosess, og utforsking. Eg kommenterer ikkje under bileta, då innhaldet, prosessdokumentasjon og analyse fortel.

Gjennom tenketeksten (Dysthe, Hertzberg, & Holel, 2010, s. 41) i emperiet kjenner eg att rolla der eg både observerer det eg skaper, og det eg sjølv gjer i prosessen (Halvorsen, 2013).

Det verbale og det visuelle språk i emperi



innanfra - hva opplever eg / koras opplever eg usynlige
 knytt til ; materialkvalitet - fellelike - form - motiv - dimensjon


Sanslege opplevingar ; visuelt, taktilt, bevegelse/i rom

tanke ; litterært/poetisk reaksjoner - psykisk-følelsar
 assosiasjonar spørsmål nytte-læring-erfarung

lage skjema - skrive logg

(VIDARE TENKING ETTER FORELESING MED STEIN HELGE SOLSTAD 19. JANUAR KUNSTNARLEG OG PRAKTISK FORSKING)

➤ Kva ser eg etter
 Ver bevisst i og på prosessen



17. FEB. 21

Det er som å gå bakover og bevege seg inn i framtida
 For, ved å snu oss og gå bakover, og gå framtida
 i møte
 sender
 støgger vi farten på det vi for raslet går ifrå.

"Hald fast"
 "Skuggen av..."
 STÅSTAD HER OG NO

SOM Å GÅ PÅ EI TREDEMOLLE
 BAKLENGS.

DER TIDA ER BANDET.

TEK DU EIT STEG BAKOVER VERT DU
 I DET ØYEBLIKKET VERANDE PÅ SAME
 STAD.

TEK DU EIT STEG FRAM GÅR DU MED
 TIDA OG MISTER FORTIDA RASKT.

KAN VI VED Å SENKE FARTEN LITT
 LETTARE HALD FAST VED DELAR AV
 FORTIDA OG I STORRE GRAD FÅ TID
 TIL Å TA MED OSS SAMANHENGEN
 MELLOM FORTID OG FRAMTID - Å
 VERE "LINKEN" - FRAMFOR Å BLI "THE
 MISSING LINK" / "MANGLANDE FELLES
 LEDD" (SNL.NO) I HISTORIA?

ØVA ER BAKANFOR HER?
 CUNNE LAGA EIT NYTT LAG BAKANFOR
 SOM VISER SKUGGEN I SIN KONTEKST -
 TIDSPERSPEKTIVET

aa.n

PROVOSERE? Spete og spelasar? Påvirke ei meinings
 Berøpbrøn om kommunikasjon

"Skuggen av..."
 usikre, perspektiv i tid

"Eit farvell"
 følelse av
 tap

"Httgrodd"
 Usynleg

Kim følelse av
 at ein mister video?
 Venod? Tap?
 Noko vi bør ta vare
 på?

"tapte lydar" men det er
 stille
 → stille
 → tenket lyd
 tenket lyd/
 form

Summedord.no
 Narrativ-
 fortellande

Multimedia &

Denotasjon og konnotasjon
Semiotiske bildanalyse
 Vikem II

"Summe uttrykk kann bety
 forskjellige ting for
 ulike mennesker
 21 ulike sider" (Grossrud)

Bjergström

multimodal semiotisk analyse
 Michael O'Toole (1934-)

Kontekst - Oppfatninga og meningsinnhald
 blir gjevne av konteksten.

Kommunikasjon (Käufmann og Käufmann, 2003)

Køltikning fordi - utnyttet synast og passer til å minne om
 jamn og smig
 mulighet for å ta ut "fritt og poektisk" - litt litt utpyleleg
 og undrande

Bleken litterære skole/tilninger

Refleksjon rundt til farger. Var sikker på at filmen
 Kjærmedem - Hornindal 1979 var i svart hvitt. Slår sett den flere ganger.
 Plutselig ser eg at den er i farger. Vart litt forbløffa. Kriker har
 eg tenkt at det var svart hvitt. Fordi eg tenker det er lenger
 tilbake enn det er. Fordi eg sjølvt ikkje var ein del av den tida.
 Fargene gjorde underleg. Spansen for å ha vore på er endå nærmare..
 Men hva skal vi ha vore på - og hvorfor. Skal det rett og slett
 "gå ut av tida" ?

logg 3. mars

Smia

Som i dag sier - vordet
 uklar for det
 la ned verktøyet
 ikkje for å avslutte
 men å ta att
 ein anna dag

Uklar tydelege grenser
 i tida

Det var ikkje frå
 ein dag til ein anna
 klar i tida
 Slutta det å vore
 's svar det
 til minne
 om ein anna dag

• Å ta ut med led

- kan framme med tydelege
 linjer og kontraster
- gjensvart flektande med å
 sjone ut
- vente fram att og
 gøyne att

- Det kan vere skarpt
 og dambelt
- Element kan brekkast
 fram og gøynerst

• Dei fyrste stakene lypen fram att - tiler

- Kor mykje - kor lik arbeider eg
 kor naturalistisk el. abstrakt
- Skal ljåforma kome fram - "enno på flekk"
 formidling?

• Fane meg for å overdride

• Kunningsjon

• Følelser

- regn
- Wydeleg

• gammalt

• Perspektiv i
 tida

• Tenk på smia og haket
 når eg teiknar.

Foto i teikningsskisse
 legge inn og ado. detalj
 kor vurderer viktige.

Logg 10. mars

går opp i A2. Tek med meg erfaringer knytt til tekstur. Tenker på oppbygging og nedbryting.

'Perspektiv' i teikneteknikk. Tida - bevegelsen. Set på musikk og reiser meg for å få friare bevegelsar.

Teikner smia og ljåen. Raskare, større format, friare strek. Bitar av. Følelser. Tekstur. Bevegelse.

Tek foto under vegs. Vurderer. I kva grad bearbeidd. Komposisjon. Symbol. Attgroing- paradoks - ljåen kunne fiksa det men den virker ikkje og ngen kan bruke den..

Bearbeider i foto, lys-mørke, filter, framhve, dempe.

ta foto inn i Power Point. Såg den sakte, og raskt.. ser forandringa i motiv som ein film

Teikne slik det var, bruke teknikkane, endre motivet slik historia har endra motivet

Anten ta bilde jamt og trutt i prosessen, eller hyperlapse

¿va er det karakteristiske i motiva som må vere med? formidling- oppfatte..

¿å tak i større papir! Ulik tekstur- grov tekstur.

Refleksjon:

¿jer eg teikning til noko som ikkje handler om biletkunst.

Teikninga vert ikkje eit bilde du kan henge på veggen..du opplever teikninga som historiefortellar og ser den på ulike måtar - meir over i det konseptuelle .. Fordi; jobbe analogt og digitalt, med fokus på teikneprosessen som forteljar av historia- formidler følelse når eg teikner - følelsen blir il i strek og motiv som endrer seg ...

¿var er eg når eg skaper? HEime, skule, ute, i ei smie,

¿va skjer når eg er i smia - korleis dokumentere?

¿VA ER FØLELSEN?

¿g tenker - Eg handler - Eg oppdager - Eg reflekterer - Eg planlegger - Eg tenker osv. Ein prosess sirkel

Wabi-Sabi. Det er noko med dette eg må finne meir ut om. Føler det har noko å gjere med det eg arbeider med.

Studietur 19. til Ålesund.


Aggregat -
Kunstner Karin Augusta Nogva

Mulegheitene i kunsten .. til å påverke .. til å gå lenger fram enn ein aktivtst

Mulegheitene til å nå fram gjennom det visuelle

Ektheit - nærheit

Det eg trur på - trur andre på ..når det er ekte..



Det er den stemninga og driv med... den følelsen...
 noko frut i det som forgår.. når det som var det
 daglege - som var identiteten, går over til minnet om
 tillegare identitet

Å sjå det skjonne - det som forgår.
 Å vere talikemuleg for det som er ein del av vår
 historie.

Å sjå det som erno er her.
 Å bringe vidare det uperfekte og skjonneheit i det.
 Å forsone seg med at alt forgår.
 Å omfavne.
 Å sjå - og ta med seg.

Venn oppstår i bekymping
 for at noko skal forsvinne.
 70 Dakt. kunststrøme.. spille
 i spissen - observasjon av
 landskap..
 fortalsummet. 1844

Vi ser at det forgår
 Vi blir lei oss - vemod
 Kunstige minner det
 om eigne liv
 Kvar dag forgår noko
 Vi leivner det som
 var og er -
 Det er det vi er
 Kva leivner -
 kvar blir vi?

Wabi-Sabi
 Tanker
 Kuldeminne/ans

Alt står her - og er her
 for ein grunn...
 og forsvinner når grunnen
 forsvinner?

Ikke ut å føle -
 ein via brake ting..

21. mars

Det er ikke politisk, ikke til hensikt å
 påvirke ei meining

Det er ein følelse og vil formidle.

Visuell kommunikasjon
 Bo Bergström

... at vi i form av
 minner sit att med
 ein slugge av
 noko som har vore
 ..?..

"... å kommunisere en
 dypt og rolig skjønnehet
 som oppstår med
 tidens gang" Beth Kempton

"Det er ikke det jeg koser
 som betyr noe,
 det er stille jeg gjør det".
 Jannik Abel

"Innholdet gir form"
 Ben Shahn (1898-1969)

"... moderne mens det er at
 formen er innholdet" Jan-Erik Svart sin Dit

"gamle materialer og teknikker" i "nyare drakt"
 ..?..

Logg 24. mars

Teuler på lyder

hjaen som går gjennom grasnet

kutter - sliper grasnet frå sne

røtter - heuter næring -

heuter usko verdifullt -

graset visnar ikkje -

det vert hausta på rette tidspunkt

nytt godtt - tørka - passa på

godtt for dyr, for folke,

for engja, for mangfaldet

i engja, kulturlandskapet,

for livet i engja

nyden - vinden - pustet -

styrken i arbeidshendene - og

levoppen. Rytma, tekniikken

Pausen, samhaldet

levelden som lyene
svetta som blir varde
velde

lyset som vert tent,

maken på bordet

historiene, stillheita,

fred, ro,

Å legge seg, strekke seg ut

brøde deyna over

Sove fordi levoppen treng det

Valene nedan dagg framleis

heng i grasnet,

dra bryne over hjaen

Starte ein ny dag når

Solstrålane treft fjelltoppane

og silddrar ned fjellsida.

Refleksjoner 24.3.

For å formidle ein følelse må eg føle noko. Eg har leita etter kva følelse det er eg eigentleg vil formidle

Kva følelse er det eg kjenner på når eg kallar det "Skuggen av"

Skuggen av ei historie, ein identitet, eit handverk, eit landskap, levekår, personar, besten,

Er det minna eg har lyst å halde fast på, personar eg ikkje vil gløyme, ei påminning om at alt forgår

Er det vemod, frustrasjon,

Det har handla mykje om motivet - heilt konkret smia og ljåen

I ut prøvingar har teksturen kjeme meir til overflata - teksturen som formidlar

Teknikk har blitt tydelegare for meg - kva teknikk som kan skape tidsperspektiv - framheve og dempe - teknikk som formidlar

Og kva handler denne immaterielle kulturarven om - at alt er her av ein grunn og når grunnen endrar seg, så endrar tinga seg

Når maskinene tek over stilar det i smia, ljåblada rustar,

Historia består

Rust kan vere vakkert, vi kan ta med oss historia, vi kan godta endringa, omfavne, sjå det vakre

Gjennom estetiske uttrykksformer kan vi formidle historia - det var ei tid. Skuggen av ei tid som var - eit arbeid som var - ein arbeidskropp som var -

Tenker på setra, besta og besten, lukter, lydar, steminga, **Tenk om eg var vaksa då eg var lita, gå der på setrekvia i lag med dei og spørre alle spørsmåla og få svar. Heldigvis var eg lita og sansa meir enn eg tenkte.**

FØLELSEN

Dei sakna stundene

Det sanslege - opner dører til minner og stemningar

til handlinger, personer, satdar, samver, osv

Vemod, sakn.

Wabi-Sabi ... over tid har ordet sabi kommet for å kommunisere en dyp og rolig skjønnhet som oppstår med tidens gang.

"Vi kan gi næring til det med vår villighet til å legge merke til detaljer og dyrke glede."

10-april - mening av fjälskad
 VER
 GURUPROFF
 ljusen under vinden -
 kollar det är sprissen

inspiration
 den rika vejen
 blir av
 fragment som belyser
 historia - fragmenterade minner

Hur? andra problemställning?
 1. kallas den eg. rika till uttryck av
 fjälskad i ett litterärt uttryck?
 /prosa!

2. Hur utgångspunkt i läsning som kulturvar
 kallas den eg. rika minner og
 upplevelser av ett fjälskad til
 litterära uttryck där objektet og
 berättelse står centralt?

Hälsan Boken - inspirationen... i staden!

Resplang
 förståelse ting för mänskliga egenskaper

Svungen av fjälskad
 personlig - ser i uttryck
 här - kompositionen...

Varför... många av
 de som skrivit med
 fjälskad - men
 kallas og den
 medförelse av
 värdet...
 kan utvärdera också og
 litterärt med utvärdering
 av uttryck för det som
 tillika - utvärdering uttryck.
 till målet var det i de
 i bruk objektet - og
 i olika litterärt genom
 medicin og teknik.

Varför är
 förmågan att
 beskriva fjälskad eller
 även og vil förmåga med
 den förmågan...

Utd er det eg. har
 gjort i en del av
 utvärderingarna i uttryck

med öga
 fjälskad utvärdering
 egenskaper

Har även med kallas og även
 uttryck föreläsning

Här
 Medicin
 Uttryck

Litterär utvärdering
 kallas kallas

→ som gör att vi kallar oss att - kallar att föreläsning?

grundna - Konst & Litteratur -
 - Bildkonst, prosa og litteratur har följt kallas i århundradet...

Hörselen var i en spänger... og en uttrycksmått... med en kallas
 og uttryck som...

Ät beleyse
 Dörene må öppna
 Utöver estetiska element,
 vinkelbelysning, ... teste...
 följande öppna?

skapa
 Teori

Om ät få slagsida
 i prosessen

Är det möjligt
 eller gör en
 under?

Refleksjon:

ORD OG OMGREP - **VISUELL GRAMMATIKK** - CHRISTIAN LEBORG 2004
SEMIOTIK - BO BERGSTÖM, SØREN KJØRUP m.fl.

Eg tenkte ikkje i starten av arbeidet at dette skulle bli dei viktigaste orda. Ut over prosessen har eg sett at det er desse orda eg jobber ut ifrå, som ligg i tankane utan å vere heilt bevisst - fordi eg har hatt større fokus på temaet og følelsen - på **konotasjonen** i det eg skaper. Dette handler om at eg ikkje har vore bevisst på det eg faktisk og heilt grunnleggande gjer. **Eg brukar språket i den visuelle kommunikasjonen.** (som ein sykkelstur der eg skal frå A til Å og kvar del av turen er alfabetet - eg sykklar i veg litt automatisk, opplever og får impulser på turen, kjem fram til mål. Og når eg er i mål var det ikkje det å kome i mål som var det store ved turen - det var sjølve turen og og det den gav meg av inntrykk og impulsar til vidare idear og turar). Ved å bli bevisst på dette og legge fokuse meir over på den visuelle grammatikken og **wwwdenotasjonen** er det enklare å oppdage og utforske mulegheiter.

KONKRET ABSTRAKT AKTIVITET RELASJONER

Eg har vore oppteka av bevegelse, ljåen sin bevegelse og tidsperspektivet.
 Vinkel på ljåen. Retning. Form. Størrelse. Tekstur. Transparent/opak. Lys/mørk.

Ord som knyter seg til desse hovudområda nyttar eg når eg beskriv og reflekterer.
 Orda kan og vere utgangspunkt for vidare vurderingar og utprøvingar.

Jobber no vidare med komposisjon

Har valgt motiv og teknikk

Kva eg teikner på, format, og mengde?

- transparent papir
- henge, ligge, i rom, på vegg,
- stort, lite,

Forstørre ved hjelp av foto, projektor, forstørrelseglas
 kikkert

snu kikkert feil veg - Det som ser ut til å vere langt
 vekke er likevel nokså nær

andre element

- Lyd
- film
- musikk
- noko tidlaust - fuglesong - kontrast - det som knyter
 oss saman gjennom tid ...

REFLEKSJON:

KVAR GANG ER AVGRENSAR OG KONKRETISERER PROBLEMSTILLINGA VERT DET TYDLEGARE KVA EG HELD PÅ MED


NÅR EG JOBBAR PRAKTISK VERT PROBLEMSTILLINGA TYDLEGARE - DEN FÅR INNHOLD. INN I MELLOM KJENNEST DET VANSKELEG UT - DÅ SKIFTER EG TOPOI OG SÅ TEK DEI EI ELLER ANNA VENDING.

EG HAR KAVA MED ESTETISKE ELEMENT, MEN KLARTE IKKJE SJØLV Å DEFINERE AT EG KUNNE GÅ VEKK FRÅ OMGREPET.

I DET EG GJORDE DET OG GAV TEIKNINGA OG INNHALDET MEIR PLESS I OPPGÅVA SÅ VART DET ENKLARE Å TENKE PÅ KORLEIS EG KUNNE LØYSE OPPGÅVA - OG DET I LØPET AV TIDA SOM NO ER ATT TIL RÅDIGHEIT.

FORM MATERIALE KULTUROBJEKT/-ARV KOLTEIKNING KOMPOSISJON DIMENSJON

VEL Å FORTSETTE MED ANALYSE AV EMPERI OG Å SKRIVE
TENKER VIDARE PÅ DET PRAKTISKE ESTETISKE ARBEIDET. FÅR IDEAR LANGS MED.
KAN FRAGMENTA SOM FELL AV VERE TEIKNINGAR EG HAR TEIKNA I PROSESSEN, OG RIVE DEI SUNDE? LIGGE PÅ GOLV.. DET SOM LIGG ATT .. ELLER RESTAR AV EIN LJÅ?
KOL - RUST ...



Utforsking knytt til nøkkelord – foto frå prosess

Det konkrete materiale, og materialmøter






Konkret form



Innhald















Drøfting og konklusjon

Til tider har prosessen bere preg av kaos og eg har vore usikker på om eg kunne finne valide svar (Halvorsen, 2013)? Kva vil funna bety for det allmenne, og for det spørsmålet eg stiller? Tema har fungert som eit kompass eg har justert kursen etter. Slik har problemstilling, nøkkelord og teori stadig blitt spissa. Eg har erfart at til meir snever problemstillinga er, desto meir får eg ut av utforskinga. Å konkretisere motivet frå ljåsmedkulturen i sin heilheit til ljåbladet si konkrete form og materiale, og å gå frå estetiske element og kombinasjon i ein installasjon, til å snakke om kolteikning i ein romleg komposisjon var viktige innsnevringar. Eg erfarte og at utprøvingar knytt til estetiske element som til døme lyd, lys har gjeve meg nyttig informasjon og idèar inn i det meir spissa spørsmålet. Det har vore viktig for meg å vere bevisst på mål. «Som kvalitative forskere kan vi finne noen svar, men ikke svaret» (Nilssen, 2012). Slik spørsmålet er ope vil truleg svara vere opne og legge grunnlag for nye undringar. Slik vil funna kunne bety noko i den store samanheng. Korleis kan eg drøfte funn i utprøvingane opp mot valgt nøkkelteori? Her støtter eg meg på Nyrnes og korleis ein kan sjå teori i artiskitsk arbeid. Når Mørstad beskriv komposisjonsprinsipp (Mørstad, 2000), og Leborg forklarar grunnelementa ein nyttar for å skape desse prinsippa (Leborg, 2004), ser eg det som verbalspråklege definisjonar som kjem til syne som prinsipp i det kunstnarlege språket. Dei erfaringar eg gjer meg i ein serie av utprøvingar avdekkar prinsipp som kan drøftast opp mot dei faglege definisjonane (Nyrnes, 2006). Emperi og fortolking viser meg korleis eg kan skape det spesifikke motivet og såleis svare på problemstillinga.

Eg har erfart at ved å bruke eit medium eg føler meg fri i, har eg hatt mulegheit til spontan visualisering av idèar og tankar. Det intuitive føler eg er eit ekte uttrykk som kjem innanfrå. Ofte har eg sett at inspirasjon og mitt eige språk viser seg i det eg skaper. «Kendskab til og færdighed i det kunstneriske formsprog eg nøgelen til æstetisk virksomhed. Når man helliger sig æstetisk virksomhed, fordyber man sig i en skabende proces, hvor man omformer sine personlige indtryk af tilværelsen til æstetiske udtryk. Den skabende


proces er altså det centrale, konstituerende træk ved æstetisk virksomhed» (Austring & Sørensen, 2006, s. 69).

«Form och innehåll tycks stå i en ouplöslig växelverkan. Formen existerar inte förrän den har tagit form» (Bergström, 2016, s. 220) Eg testa ulike motiv som smia, hes, arbeidskle, ein ljå i si heilheit. Desse motiva gav meg assosiasjoner til mine episodiske minner, framfor å gje meg ein tydeleg følelse av at noko går tapt. For å skape eit spesifikt motiv erfarer eg at det konkrete i form, materiale og innhald gjev tydleg formidling. To døme. Til venstre handler om ljå, bevegelse, overført betydning – noko som svever, vert utydeleg. Til høgre handler om arbeidet, slått, landskap, kle, ein ljå på bakken. Overført betydning – hesa er full, landskapet er ulendt, det er varmt, slåttekaren har hengt frå seg arbeidskle. Ved nermare studie ser ein ljåen som utydeleg, ligg på bakken, tildekt. Her handler det om meir enn det spesifikke motivet som fortel at noko går tapt.



Bergström skriv om eintydige motiv (Bergström, 2016). Når eg teikner den konkrete form og materiale, eit ljåblad, vil det vere lett å kunne seie at det er eit ljåblad, skjønt det er kulturelt betinga – at ein veit kva ein ljå er. Eg vart bevisst variasjon i former i ulike ljåar og søkte informasjon om kva form som kjenneteiknar ljåblad for Hornindal. Dette er viktig for symbolikken i motivet (Mørstad, 2000). Eg erfarte at for å bruke forma som utgangspunkt for transformasjon måtte eg lære meg forma. Å teikne analytisk gav meg ein grundigare studie av forma. Å teikne er å sjå (Edwards, 2001). For å skape fleire meiningar i motivet har eg forsøkt å endre forma. Utfordringa eg har møtt er å finne den endringa av forma som fortel om tap, og ikkje endre forma så mykje at meiningane kan bli for mange eller heilt endra og fleirtydige

(Bergström, 2016). Eg erfarte i utforsking at transformasjon av forma gjennom skuggar og teikning i ulike vinklar, eller ved abstrahering fekk ei endra betydning. I utprøvingane oppstod det besjeling (Lauvstad, 2021). Formene fekk personlegheiter med kroppar. Dei ser i ulike retningar, vernar om, gret. Det spesifikke motivet forsvant. Eg måtte tilbake til forma og slik den kjenneteikner ljåbladet produsert i Hornindal. På den måten kan forma representere ein kulturarv. Materiale sin tekstur er i endring gjennom tid. Ved å studere mønster i tekstur, og linjer i form, endra eg innholdet slik tida kan endre materialet. På studietur til Ålesund vart den japanske filosofien Wabi-Sabi nevnt. Denne filosofien inspirerte meg og endra følelsen min om det som går tapt. Forvittring er i fylgje denne filosofien noko vakkert. Ved å sjå det som noko vakkert og verdifult merka eg teikneteknikken endra seg. Linjene vart mjukare og mildare. Mindre kvasse. Inntrykk blir til uttrykk (Austring & Sørensen, 2006).



Besjeling



Noko dystert og vemodigt



Mjukare meir drøymande

Eg har gjort meg kjent med materialet ved å analysere det estetiske. «Et materiale vil også i ulik grad kunne påvirkes av ytre forhold som varme, lys, manipulering. Det kan vere vanskelig å bare tenke seg til slike egenskaper, og ofte vil man vere avhengig av selv å vere i fysisk nærkontakt og i ulik grad sanse og utforske materialet for å forstå det bedre» (Bråten & Kvalbein, 2014, s. 159) I smie erfarte eg materialet som tungt og gjenstridig, noko som gav meg auka respekt for handverket og traderinga av kunnskapen. Denne opplevinga av materialet påvirka teikneteknikk. Eg tenker på det harde og gjenstridige når eg teiknar. Den

taktile og visuelle teksturen, valør og mønster som oppstår har inspirert til å forsøke å førestille meg og teikne det som skjer med teksturen ved slitasje av bruk og tid. I materialmøte, jernet sin tekstur i møte med kolteikning fann eg likheiter, for meg skapte det samanheng og harmoni. Eg har funne at materiale sitt estetiske uttrykk kan påverke teikneteknikk og innhald i motivet.



Tekstur, taktilt, hardt, gjenstridig, endra eksistens i tida. Likheit i tekstur. Mønster og valører (Leborg, 2004).

Som nevnt har verbalspråket ei rolle i skaping (Nytnes, 2006). Eg har erfart korleis orda påvirker skaping. Med få konkrete ord har emperiet gått frå sprikande til meir samla. *Skuggen av..* var tittel i starten. Etter forvittringa vart synleg for meg endra eg til *Fragment av..* Utprøvingar vart påverka av endringa.



Eg teikna hovudsakleg på A2 format. Etter å ha funne teknikk og motiv ville eg sjå på dimensjon. Opplevinga av uttrykket vart ei meir romleg oppleving der eg møter komposisjonen i forhold til eigen kropp. Å legge til lydopptak, å bruke lyssetting, og å sjå motivet gjennom kikkert er ein del av skissene. Dette er utprøvingar frå vegar eg vurderte å gå for å skape ein installasjon.

Det vart tydeleg for meg at den konkrete forma og endringa denne vert utsatt for gjennom tid kunne formidle tap. Eg bevegde meg frå fokus på betydning til den formale oppbygging og komposisjon (Bergström, 2016). Korleis kunne eg vise tidsperspektivet med strek og teknikk? Gjennom å teikne tekstur og form som forvittrar ser eg forfallet og noko som forsvinner. Grunnelement i det visuelle språket hjelper meg å formidle visuelt (Leborg, 2004). Bevegelsar med rotasjon, diagonale retningar, gradering, ulike valører og kontraster og ulike lag og deler i komposisjonen kan assosierast med fysiske bevegelsar, tempo og tid (Leborg, 2004). Eg fann at motivet gjenspeglar den konkrete forma, teknikken gjenspeglar materialet og aktiviteten, medan dimensjon i komposisjon, det romlege vil kunne påverke korleis eg opplever motivet.

I oppgåva er det mitt eige inntrykk av det skapte som ligg til grunn for konklusjoner.

Det praktisk-estetiske arbeidet eg leverer har eg no definert ut frå funn i undersøkinga. Motivets med eit spesifikt innhald vert til i ein romleg komposisjon der formale virkemiddel illudere tidsperspektivet, medium er kolteikning og innhaldet er eit ljåblad si konkrete form og materiale, i ulike grader av eksistens. Tittelen er «Fragment av ..» leidar tankane til at noko forsvinner. Fordi eg er nær tema og oppvaks i Hornindal trur eg den som kjenner lokal kulturarv i Hornindal vil assosiere dette med ein arv og ein identitet som kanskje er i ferd med å gå tapt. Uavhengig av den lokale kulturarven ville ein kunne oppleve komposisjonen og forstå at noko forvittrar.

Fylgjande utprøvingar representerer grunnlag for innhald, teknikk, dimensjon – det spesifikke motivet som vert skapt i ein romleg komposisjon – og vert det praktisk-estetiske arbeidet eg leverer.



Sluttord

I oppgåva mi har eg sett på bruk av visuelle virkemiddel for å formidle oppleving av at noko går tapt. Eg nyttar ei konkret form og materiale frå ein kulturell kontekst og forsøker å forme noko ut frå det som alt har ei form. Korleis kan eg bruke det estetiske formspråket som verktøy for å lære noko om meg sjølv og verda (Austring & Sørensen, 2006, s. 157), og å kanskje kunne bringe noko frå ein lokal kulturarven vidare? Ved systematisk utforsking har eg møtt tema, objekt og skapingsprosess med ein nytt blikk, og gjennom dette blitt bevisst på tankar og følelser kring kulturen, produktet og meg sjølv. I møte med teori om faget, om forskning og utvikling innan faget, parallelt med erfaringar gjennom praktisk skapande arbeid, har eg opplevd ei reise. Det har auka mi forståing for korleis systematisk bruk av det ein har av kunnskap og erfaringer, teori og praktisk-estetisk skaping påverker læring og danning.

«Den som former er kulturdeltakar. Bevisstheten om dette bærer i seg muligheter for forståelse av at en som former bærer med seg noe inn i kulturen til forståelse av seg selv som menneske, av kultur og av relasjoner mellom individ(er) og kultur. Og at en dannes ved det» (Melby, 2008).

Vedlegg

1 Analyse – (ligg ved i rapporten)

2 Prosessdokumentasjon – Arbeidsbok m/minnepenn og skisser (lagt ved det praktiske-estetiske arbeidet)

Kjeldereferanser

- Austring, B. D., & Sørensen, M. (2006). *Æstetik og læring: Grundbog om æstetiske læreprocesser*. Bosnia & Herzegovina: Hans Reitzels Forlag.
- Bergström, B. (2016). *Effektiv visuell kommunikation*. Stockholm: CARSSON BOKFÖRLAG.
- Bråten, I., & Kvalbeid, Å. (2014). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Dysthe, O., Hertzberg, F., & Holel, L. T. (2010). *Skrive for å lære*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Edwards, B. (2001). *Å tegne er å se*. Cappelen.
- Halvorsen, E. M. (2013). *Kunstfaglig og pedagogisk FOU: Nærhet Distanse Dokumentasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Hansen, T. I. (2021, april 8). *FoU i Store norske leksikon*. Hentet fra snl.no: <https://snl.no/FoU>
- Kjørup, S. (2002). *Semiotik*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskaplig forskningsmetode*. 2. utgave. Bergen: Vigmostad & Bjørke AS.
- Lauvstad, H. (2021, Mai 18). *Store norske leksikon*. Hentet fra snl.no: https://snl.no/besjeling_-_litteratur
- Leborg, C. (2004). *Visuell grammatikk*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Lerdahl, E. (2017). *Nyskaping: Arbeidsbok i kreative metoder*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Melby, E. (2008). Det å forme i spennet mellom individ og kultur: Hovedfagsoppgaver i forming - Noen overveielser.
- Mørstad, E. (2000). *Visuell analyse: Metode og skriveråd*. Oslo: Abstrakt forlag as.
- Nilssen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nyrnes, A. (2006). Mellom akantus og arabesk: Retorisk perspektiv på skapande (forsknings)arbeid i kunst- og handverk. I C. Nygren-Landgårds, & K. Borg, *Lärandeprocesser genom skapande arbete i vetenskaplig belysning : artiklar från forskarutbildningskurs* (ss. 46 - 57). Vasa: Åbo Akademi, Pedagogiska fakulteten.
- Store norske leksikon*. (2021, mai 6). Hentet fra snl.no: <https://snl.no/fragmentere>
- Store norske leksikon*. (2021, mai 16). Hentet fra snl.no: <https://snl.no/representere>
- Østern, T. P. (2021, Mai 12). *JASEd*. Hentet fra Nordic Open Access Scholarly Publishing – NOASP: <https://jased.net/index.php/jased/article/view/982/2171>
- Aadland, E. (2011). *"OG EG SER PÅ DEG": Vitenskapsteori i helse- og sosialfag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bildeliste



https://i.etsystatic.com/14773291/r/il/68304f/1756467704/il_1588xN.1756467704_fsvg.jpg



https://www.instagram.com/p/B3g_p-xprK1/



<http://hakonbleken.no/wp-content/uploads/2015/03/Prosessen-III-Triptykon-940x751.jpg>



<http://www.artnet.com/WebServices/images/11000161ldKGRJFguJECfDrCWvaHBOcMjJF/jan-groth-sculpture-i.jpg>



https://mcontemp.com/wp-content/uploads/2019/08/Recurrence_sq.jpg



http://www.jannikabel.no/uploads/7/7/5/5/77555882/home-for-orphan-cones-2018_orig.jpg



<https://www.heraldry-wiki.com/heraldrywiki/images/f/f9/Hornindal.jpg>



https://www.volda.kommune.no/_f/p39/i74254dcc-e2b8-418c-8a0b-5cae3585036b/kommunevaapen-nye-volda.png



<https://www.youtube.com/watch?v=AxOVfXqbtro>



<https://image.forskning.no/118703.jpg?imageId=118703&x=0&y=0&cropw=0&croph=0&width=353&height=202>

VEDLEGG 1: Analyser

SEMIOTISK ANALYSE

(Kjørup, Semiotik, 2002) og (Bergström, 2016)

- VISUELL GRAMMATIKK – CHRISTIAN LEBORG (Leborg, Visuell grammatikk, 2004)

- VISUELL ANALYSE – ERIK MØRSTAD (Mørstad, 2000)

- TOPOLOGI - *EIGE SPRÅK* –
MELLOM AKUNTUS OG ARABESK –
ASLAUG NYRNES (Nyrnes, 2006)

SKRIVE I STIKKORDSFORM OG KORTE SETNINGAR. *EIGE SPRÅK* ER INNLEMMA I KONNOTASJON

(NØKKEWORD PÅVERKER ANALYSE: INNHALD FORM MATERIALE)



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Ei rundstang av jarn er smidd og krumma. Skuggen av stanga teikna med kol på papir med ulik styrke og mengde kol.</p> <p>Repetisjon av form skaper aktivitet Diagonal retning og overlapping og gradering i valør og metning skaper perspektiv og dynamikk (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p>	<p>Ein krok. Noko som vil krøke seg fast. Å halde fast ved.</p> <p>Noko er utydeleg og noko tydeleg i ulik grad.</p> <p>Perspektiv i valør, komposisjon og ulik eksistens kan assosierast med tidsperspektiv.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Ljåblad: Konkret objekt. Form; bua konturer, lett krumma linje og flate (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p> <p>Butt tupp.</p> <p>Materiale: Rusta, raudbrune kulører, grånyansar, glittrer, ru tekstur, matt, sjatteringer i tekstur og nyanser, taktil,</p> <p>Om lag 25 cm lang, 2-3 cm brei.</p> <p>Hardt men plastisk (Mørstad, 2000)</p>	<p>Motivet er eit ljåblad med den forma som kjenneteikner ljåblad produsert i Hornindal.</p> <p>Ljåbladet kan sjåast som eit døme og symbol på honndalsljåen. Det kan med si form og materiale representere eit handverk og eit bondesamfunn, og er henta frå kvardagslivet. Motivet ser ein i ljåbladet som symbol i kommunevåpen der det representerer ei bygd og bygda sin identitet.</p> <p>Materialet og uttrykket: sterkt varigt, det rustar og forfel gradvis over tid.</p>




Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Viser delar av ljåblad, teikna ljåblad og skugge av ljåblad. Ulike vinkliger endrer form. Ser framgrunn og bakgrunn. Ulik tekstur og valør.</p> <p>Ulike retninger. Gradasjon i storleik (Leborg, Visuell grammatikk, 2004). Negative og positive former. Diagonale linjer.</p>	<p>Opplever ei besjeling (Lauvstad, 2021) . Ein kommunikasjon mellom objekta. Ulik tekstur og valør viser eksistens. Overført kan dette tolkast som ulik eksistens i tid, noko er, soko er skuggen av og noko er ei etterligning og ei fortelling om noko. Det er ein kommunikasjon mellom desse formene der ein kan få assosiasjonar til at dei prater, studerer kvarandre, nesten tangerer kvarandre, heng saman, ser i ulike retninger eller same veg. diagonale linjer og retning, repetisjon av former skaper dynamikk.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Eit ljåblad ligg diagonalt på papiret sitt format. Skuggen ligg parallellt med ljåbladet. Teikna form repiterer ljåbladet si form men er transformert til meir krumma linje og endra tekstur (Leborg, Visuell grammatikk, 2004). Teikna bitar med ulik storleik er plassert vertikalt frå den butte enden på ljåen.	Ljåbladet og teikninga sin tekstur har fellsetrekk i form. Den teikna forma kan assosierast med ein orm som bender seg opp bak ljåbladet, noko som beveger seg vekk frå sitt opphav? Bitane som fell frå tuppen kan illudere at ljåbladet går sundt. Det ser ut som ein samanheng mellom ljåblad og dei teikna bitane på grunn av det grå og valørane som er omtrent samanfallande.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Tre ljåblad med orv.</p> <p>Tekstur framheva med linjer (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p> <p>Form som vert endra når noko vert dempa og anna framheva</p> <p>Bruker stor del av flata, dei er i fokus og utan kontekst (Mørstad, 2000).</p> <p>Alle har lik retning.</p>	<p>Dei står i lag, ser same veg, bakover.</p> <p>Er i ferd med å forvittre, men er nok til at til at ein kan forstå kva det er. Kva formidler det? (Mørstad, 2000). Ubruklegne som bruksobjekt. Taggete og frammlais kvast?</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Ljåformer med utydelege konturer</p> <p>Lett abstrahert.</p> <p>Gradering i form og valør. Lysare linjer over ljåblada i same retning. Linjene og graderinga skaper dynamikk og bevegelse (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p>	<p>Tenker på ljåbladet i bevegelse. Tempo, Lyd.</p> <p>Ein skugge som ligg att eller noko som forsvinner i tida (Mørstad, 2000).</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Viser eit gammalt men ikkje forfallt bygg.</p> <p>Døra på glytt</p> <p>Ein kvernstein støtter seg mot veggen</p> <p>Grov tekstur</p> <p>Kontraster -Svart, dempa kvit, ulike valører med dempa overganger.</p> <p>Lyse vertikale linjer i framgrunn.</p> <p>Perspektiv – plassering, ser to sider av huset.</p>	<p>Smia kan og sjåast som eit symbol og representerer smedkulturen på gardane i Hornindal. At det er gammalt synast eg blir forsterka av kolteikninga og teksturen. Dei glidande mjuke overgangane skaper ei utydelegheit. Huset dekker ein stor del i flata og blir tydeleg frammeva (Mørstad, 2000). Eg opplever det som eit vemodigt uttrykk, noko som er forlatt, som ventar på at nokon kjem att.</p> <p>Dei lyse linjene er kanskje tre/kratt som veks opp? Det gror att og går tilbake til naturen.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Ein del av eit rusta ljåblad med grov tekstur ligg over ei kolteikning på tekturert papir.</p> <p>Kontrast mellom rustbrun kulør og gråtonar.</p> <p>Framgrunn/bakgrunn</p> <p>Taktil og visuell tekstur (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p>	<p>Teksturen og uttrykket har fellestrekk. Og mellom rust ligg det gråtonar som harmonerer med kolteikninga.</p> <p>Tenker på dei gamle setrefjøsane, der utstyr som hesjestaur, streng, river, ljå og anna vart oppbevart.</p> <p>Mønster i ljåbladet sin tekstur skaper felt, som små delar, som lag som vil felle ut av flata.</p> <p>Smia og ljåbladet eksisterer i same tid og forfell i lag (Mørstad, 2000).</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Eit gammalt hus som er i forfall og sig mot bakken</p> <p>Ein sund ljå, slipestein, dørhelle, pipe, gras, trestammer veks gradivis fram frå blide til bilde.</p> <p>På siste bilde er kontraster er gjort tydelegare i digital bearbeiding,</p> <p>Noko er tydeleg og anna utydeleg</p>	<p>Skisseaktig, raske strek skaper dynamikk og bevegelse. Det digitale syner at ein sterkare kontrast gjev eit meir brutalt og dystert uttrykk. Minner meg om utladene som låg til forfall i setredalen. Mange var vekk då eg var lita, nokon stod framleis men endra seg år for år og forsvant. No er det forhøgningar i terrenget der dei var, der grunnsteinar ligg begravd. Restar som går tilbake til naturen (Mørstad, 2000).</p> <p>Bygg som har gjort si teneste då det var bruk for dei.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Hand med konkret objekt , ljàblad et og skugge</p> <p>Linje, retning, vinkel, forkortning,</p> <p>Tangerer og gjev samanheng mellom linjer</p> <p>Positiv og negativ form (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p>	<p>Opa hand – overlevering? Eller ta imot?</p> <p>Å sjå mot kvarandre.</p> <p>Ei vidareføring av linje – vidareføring av innhald – skugge av noko som er/var?</p>



Sjå hyperlapse på vedlegg - minnepenn

Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Kolteikning av gammalt bygg av tre med pipe</p> <p>Sund dør</p> <p>Ljåblad som støtter seg til noko, står med spissen i bakken</p> <p>Raske leitande strek, intuitivt</p> <p>Dynamikk – bevegelse (Leborg, Visuell grammatikk, 2004)</p> <p>Kontraster</p>	<p>Motiv: Smie , ljå Ein ljå som er tydeleg + skugger som må oppdagast. Kanskje ein ljå som ”datt ut av” kommunevåpen.</p> <p>Tidsperspektivet kjem fram i at det forfell</p> <p>Timelaps av teikeprosessen: viser eksistens i tid – at det forgår og gror att (Mørstad, 2000).</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Fem ljàblad med ulike vinklingar.</p> <p>Diagonale lyse linjer skaper dynamikk.</p> <p>Vertikal plasering.</p> <p>Repetisjon av form.</p> <p>Lyst og mørk kontrast med ulik styrke</p> <p>Raudbrun stripla linje (Mørstad, 2000)</p>	<p>Kommunevåpen –</p> <p>Fell sundt – blir endra</p> <p>Retning – kva veg «ser» dei.</p> <p>Tårer – blod –</p> <p>Lyse diagonale linjer -Identitet som blir viska ut? Tradering som uteblir</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Bygg Kontrastar lyst, mørkt fint, grovt	<p>Smie som symbol - med ulik eksistens, Statisk og meir stramt uttrykk.</p> <p>Lysset ut av vindauuga er energisk og sterkt.</p> <p>Som eit minne, nok ein vagt husker, noko som er vekk</p> <p>Det som er att når bygget/ taket kollapser og går mot bakken</p> <p>Pipa står sterk att</p> <p>Døra er opa.</p> <p>Viser tidsperspektivet, og alt til si tid (Mørstad, 2000)</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Tre konkrete objekt. To stutturvar som truleg er maskinproduserte og eit ljåblad til stutturv smidd i Hornindal plassert på kvit bakgrunn med ulik komposisjon.</p> <p>Retning, vinkel, ståande, liggande, overlapping, forkorting (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p>	<p>Følest som ljåane har personlegheit – kommuniserer pga plassering.</p> <p>Vernar om kvarandre, Held saman, Beskytter, er på vakt (Mørstad, 2000).</p>




Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Ein honndalsljåblad og ei smidd rundstangstang av jarn ligg i ei smie. Ei uferdig etterligning av form. Uferdig, grått ubrukt metall. Eit emne til ljåblad. Ferdig smidd og rusta. Eld, materiale og utstyr.</p>	<p>Erfarer å smi utan å ha kunnskap. Fortel om eit tidkrevande og kunnskapskrevande handverk. I smia assosierer eg til identitet og historie. På same tid føler eg meg hjelpelaus. Det er varmt i smia. Både godt og tungt å arbeide ved elden. -det kjennest viktig og nyttig.</p> <p>Følest som å temme ville hester, metallet vrir seg og held att</p> <p>Det er kunnskap og teknikk som mangeler</p>

SÅ LANGT HENTA FRÅ MAPPE 1 – VIDARE ANALYSE ER FRÅ MAPPE 2

ERFARER AT ALT EG HAR MED MEG INN I DEN SKAPANDE PROSESSEN KAN KOMME TIL SYNE UTAN AT EG BEVISST GÅR INN FOR Å BRUKE EIN BESTEMT IDÈ FRÅ EIN KONKRET INSPIRASJON, ELLER TEKNIKK. Gjennom skapinga kjenner eg att det som kjem til syne. I fase to er likevel ikkje utprøvingane så opne, eg har nokre erfaringar frå fase 1 som eg ser kan vere nyttige for å formidle det spesifikke motivet.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>To konkrete objekt, eit fysisk og eit teikna. Stutturv.</p> <p>Teikna frå same vinkel.</p> <p>Teikning og ljåen er på same papir – liggande på golv og liggande retning i teikning.</p> <p>Kolrestar på papir – og linjer av kolrestane.</p> <p>Lyse linjer med raske krumma linjer.</p>	<p>Formidler stutturv. Symbol knytt til tema.</p> <p>Svevande. Heng i lufta. Kva no? Ligg på golvet – ifrå seg lagt?</p> <p>Restar av kol, restane er nytta.</p> <p>Dei lyse linjene skape aktivitet, bevegelse, fart.</p> <p>Gjer og objektet meir utydeleg – assosierer med noko som forsvinner.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Eld, kol, sju ljåblad kring elden, transparange, lys-mørk kontrast. Mørkt utanfor ljåblada, lyst mellom dei. Lyse bølgede vertikale linjer.	Det transparente assosierer eg med konturen av noko. Elden og kolet til smia. Komposisjonen assosierer eg med å samlast kring elden. Å verne om elden og beskytte seg mot det omkringliggende. Halde liv i elden. Forma indikerer at det er ljåblada som forsvinn. Dei lyse linjene oppstår når elden sloknar. Dansande linjer før det elden dør heilt ut (Mørstad, 2000).



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p data-bbox="199 1554 592 1592">Ein stutturv. Fysisk og teikna.</p> <p data-bbox="199 1675 427 1713">Diagonal retning.</p> <p data-bbox="199 1796 730 1834">Lyse linjer skaper transparange områder.</p> <p data-bbox="199 1917 719 1955">Vertikale teikna linjer. Tynne bølgande.</p>	<p data-bbox="805 1554 1334 1592">Objektet som symbol. I brukbar tilstand.</p> <p data-bbox="805 1675 1326 1794">Ljåen er i ferd med å bli utydeleg. Lyse linjene dekker over og skaper aktivitet , bevegelse, noko i endring.</p> <p data-bbox="805 1816 1385 1890">Linjer dekker formatet. Skaper kontekst. Ein ljå i gras. Paradoks at gtaset dekker ljåen.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Ein ljå ligg på bakken. Teikning av ljå. Neve som grip om ljåen. Ljåblad med ulike vinklar. Ei sund orv. Utydeleg og urealistisk teikning av to nevar. Sprikande fingrar. Kolet blir dragd utover. Teikninga vert utydeleg.	Symboliserer at noko går sundt, nokon grip etter, hender er ubruklege – «treneva» - ein mangler kunnskap og utstyret fell sundt.




Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Motivet beveger seg oppover. Bind saman bakke og ståande motiv med kol og linjer (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p> <p>Ser eit landskap, ei hes, ein staur med arbeidstrøye og skyggelue.</p> <p>Ein ljà støttar seg mot hesa.</p>	<p>Fjell og skogar – ulendt landskap. Ei hes, og klea til slåttekaren. Fortel om kvardagsliv, om å hente ut ressursar frå naturen. I kontrast til det som ligg på bakken, det ubruklege, det vi trækker på.</p>




Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Det eg skreiv om i dei to føregåande analysene, men her i si heilheit, og med tydlegare kontraster.</p> <p>Effekt av liggande panel – skaper horisontale linjer.</p> <p>Deretter ttsnitt av ulike element.</p>	<p>Symbolikk: Arbeidet, naturen, metoder, reiskap, kunnskap, det som var.</p> <p>Effekta av panel assosierer eg med veggar i setrehusa, sel og fjørsar.</p>




Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Fem abstraherte ljàblad.</p> <p>Diagonal og vertikal retning.</p> <p>Gruppering, komposisjon,</p> <p>Lyse linjer – dynamisk</p> <p>Kontrast, lys,mørke</p>	<p>Assosierer med samtale, ei hending.To ligg nede, det datt over ende, To kjem til den tredje so spør om noko. Den største bøyer seg lett fram og fortel. Kanskje er dei svake og treng råd? Kva kjem til å skje med ljàblada, og med honndalsljàblada?</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Ei konkret form/ objekt. Teikna abstraherte ljåblad. Gruppering (Leborg, Visuell grammatikk, 2004). Mørk flate med tekstur. Deler formatet, skaper kontrast. Lys form i den mørke flata gjev framgrunn og bakgrunn.</p> <p>Retning. Gradering i storleik (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p>	<p>Også her opplever eg kommunikasjon..</p> <p>Ei ljåform flettar seg inn i flata. Delvis assosiasjoner til kommunevåpen på grunn av retning og komposisjon.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Eit ljåblad ved sida av ei teikna flatate med linjer der ljåbladformer er fletta inn i.	Ljåbladet utan kontekst assosierer eg med «utan tid». Som eit objekt utan meining. Teikna flate med tekstur det ljåen er fletta inn assosierer eg med livsvev, ei tid då ein høyrer til. Når spissen kjem utanfor denne konteksten går den i oppløysing. Når den kjem utanfor tida den høyrer til i forvittrar forma og materialet.



v

Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Tre lett abstraherte ljåblad plassert ståande på bakken i lag med gras.	Svaier som graset i vinden. Blir påvirka av vinden. Blir påvirka av det ytre. Vil kome til å visne og forsvinne (Mørstad, 2000).



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Teikna ljåblad bak trestammar.</p> <p>Eit rusta ljåblad tangerer det teikna ljåbladet (Leborg, Visuell grammatikk, 2004)</p> <p>Det ligg kolrestar mellom trestammene</p> <p>Spissane møtast – ligg i same retning</p>	<p>Noko er skjult for ei stund sidan.</p> <p>Fysiske handfast ljåblad kan fortelje om det som var</p> <p>Restar frå historia</p> <p>Historia og det som eksisterer i dag kan vise veg – kva mulegheiter har vi – korleis kan vi ta med oss kunnskapen vidare?</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Eit spisst ljàblad – konkret form og objekt. Tydlege konturer, og teksturert flate (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).	Denne ljàen viser eksempel på ei form som ikkje er slik vi kjenner att honndalsljå. Viser eit kvast og funksjonelt reiskap.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Viser repetisjon av same ljåblad, med ulik eksistens. Same retning som fylgjer ei bane skaper aktivitet (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).</p> <p>Ulik tekstur og valør. Linjer framhever tekstur i materiale.</p>	<p>Illuderer bevegelse – På grunn av komposisjon tenker på ljåen sin fysiske bevegelse i bruk, og ved endring av tekstur og linjer som delvis forsvinner tenker eg på bevegelse gjennom tid.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Den same teikninga, men her med ein fysisk ljà	Eksistens og tidspåverknad vert kanskje tydlegare?



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Lett abstraherte ljåformer. Gradering i storleik og valør. Mange tynne linjer ut frå kvar form. Komposisjonen fylgjer ei bane.	Assosierer med bevegelse, Noko som svever gjennom lufta og forsvinner.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Tre konkrete ljåformer der tektur og valør endrer seg. Plassert langs ei bane (Leborg, Visuell grammatikk, 2004).	Opplever bevegelse, og endring i tid.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Konkret form. Tydeleg kontur. Viser eit ljåblad slik honndalsljåen er kjenneteikna. Teksturen ser metallisk ut.	Ei teikning av bruksgjenstand og symbol for lokal kulturarv i Hornindal.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Utydeleg ljåbladform med diagonal retning og eit tydele flettemønster i framgrunn med vertikal retning.	Assosierer mønsteret med spor av traktorhjul, som køyrer over noko usynleg som ligg i grunnen. Industriell utvikling påvirka korleis arbeid vart utført og med kva utstyr.




Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p>Tre konkrete ljåformer med ulik tekstur, valør og storleik. Plasert langs ei bane. Tynne linjer mellom formene fylgjer same bane.</p> <p>Teikna i større dimensjon (Leborg, Visuell grammatikk, 2004), på kvitt laken liggande på betonggolv som underlag.</p>	<p>Komposisjon skaper aktivitet – bevegelse.</p> <p>Tekstur og valør viser at noko forvitrer og er i ferd med å forsvinne.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Same motiv, her heng det på vegg.	Dimensjonen påverker. Innhaldet vert større og eg kan oppleve det estetiske i forhold til eigen kropp. Det vert tydlegare og eg kan i større grad leve meg inn i bevegelsen.



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Same motiv lyssett med ulikt lys.	Assosiasjoner til mørke, natt, flammor, eld, Å belyse noko, påverker perspektiv/ aktivitet (Leborg, Visuell grammatikk, 2004) Smie



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
<p data-bbox="199 1700 778 1776">Same motiv sett gjennom kikkert, feil veg og rett veg.</p> <p data-bbox="199 1861 778 1937">Forstørring- forminsking skaper avstand og nærleik (Leborg, Visuell grammatikk, 2004)</p>	<p data-bbox="805 1700 1358 1973">Ved å sjå motivet gjennom kikkert vil ein kunne oppleve at motivet er langt vekke, medan det i verklegheita er nær. I overført betydning kan historia virke fjærn medan den er nær. Å sjå motivet med kikkert rett veg vil kunne gjere forvittringa endå tydlegare.</p>



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Utbrent kol frå smie med lys inn i. Ulik kulørar og valørar, storleikvariasjon.	<p>Kan kolet hjelpe til med å illudere og skape oppleving knytt til smie og låproduksjonen.</p> <p>Oppbrukt, brent, svart, assosiasjon til kolteikning</p>

FRAGMENT



Teori	Felles assosiasjoner og Eiga stemme
Denotasjon – beskriv det formale	Konnotasjon – analyserer innhald og betydning.
Ser delar av ljåblad. Ljåblad består av flater, konkrete former, og tenkte linjer. Bitar på golv av kolteikning. Visuell tekstur i kolteikning. Aktivitet. Repetisjon av form og retning forlenger bevegelsen. Tek i bruk golv. Romleg komposisjon.	Fragment. Ljåbladet forvittrar. Restar av. Om delar ligg tilfeldig eller i system etter ljåbladform påverker formidling (Mørstad, 2000) og aktivitet (Leborg, 2004). Ligg att på bakken og forvittrar. Noko går tapt.

VEDLEGG 2: Prosessdokumentasjon

Prosessdokumentasjon består av digital arbeidsbok printa ut og lagt ved den praktisk-estetiske presentasjon. Minnepenn med digital utgåve av arbeidsbok då eg har arbeidd i kombinasjon av analog og digital arbeidsbok. På minnepenn ligg og digitale utprøvingar med lyd, timelaps og film av utprøvinger med lys.